

Målsetningar for forvaltning av hjortevilt i Bygland kommune:

Vedteken i vilt- og fiskenemnda 26.11.13

Overordnet målsetting:

Bygland kommune skal ha biologisk sunne bestandar av elg, hjort og rådyr. Bestandane skal vere bærekraftige i forhold til beitetilgang og skal ikkje medføre uakseptable konflikter med trafikk, landbruksnæring og friluftsliv. Innanfor desse rammene skal elg, hjort og rådyr forvaltast til beste for verdiskaping, lokale jegerinteresser og allmenne naturinteresser.

Elgens bestandskondisjon og produksjonsevne skal verte betre. Hjort skal etablerast og verte eit jaktobjekt i skogområda i heile kommunen. Produktiviteten til rådyrbestanden skal oppretthaldast. Rådyret skal fortsatt vere eit viktig jaktobjekt i kommunen.

Delmål:

1. Kommunen som datainnsamlar

Alle jaktlag skal levere sett hjort og sett elg skjema. Både skjema registrerast i Hjorteviltregisteret av kommunen. Innan 2016 skal fleirtalet av jaktlag ha teke i bruk den digitale nettløysinga «settogskutt» for å registrere sett elg eller sett hjort under jakta.

2. Jaktorganisering

Oppretthalde ein forvaltningsstruktur kor jaktfelte (jaktlaga) inngår i bestandsplanområder som kan drive reell "stammevis" forvaltning. Det er eit mål at alt teljande areal for elg skal ligge i vald/bestandsplanområder med minst 20x minstearealet. Det er eit mål at grunneigerar innan 2015 har organisert bestandsplanområde for hjort der viltlag/storvald ikkje har areal som er minst 20x minstearealet. Grunneigerar som organiserer jaktrettighetane med bestandsplan eller bestandsplanområde skal ha et reelt og betydelig handlingsrom i forvaltning av elg og hjort.

3. Bestandskondisjon

Elgens kondisjon skal betras i løpet av perioden 2014-16:

- Slaktevekta til kalvar skal vise stigande tendens opp mot 60 kg innan 2016
- Slaktevekta til 1½-årige elg skal stabiliserast på minst 120 kg innan 2016.
- Tvillingraten hjå elgkua skal aukast slik at sett kalv pr. kalvku er 1,15, og sett kalv pr. ku skal vere minst 0,6.

Hjortebestanden sin høge produktivitet skal oppretthaldas. Bestandskondisjon til hjorten skal overvakast ved å samle inn slaktevekter for hjort.

Rådyrbestanden sin produktivitet skal oppretthaldas gjennom å holde uttaket av produktive geiter på et lågt nivå.

4. Elg, hjort, rådyr og trafikk

Minst mogleg påkøyrslar av hjortevilt. Målet er at trafikkdrepane elg og hjort ikkje skal overstige 3 % av jaktuttaket i perioden 2013-2016, og at talet trafikkdrepane rådyr ikkje skal overstige 15 % i perioden. Kommunen skal dokumentere og kartfeste trafikkulykker med elg og hjort i det nasjonale Hjorteviltregisteret.

5. Elg, hjort og rådyr i skog/innmark

Det låge konfliktnivået mellom hjortevilt og skader på skog og innmark i Bygland kommune skal oppretthaldas. Dersom mindre enn 1 elg eller hjort kvart andre år fellast i nødverje eller som skadedyr er det teikn på eit akseptabelt konfliktnivå.

6. Elg, hjort og rådyr som næring

Det er eit mål at grunneigerane tilbyr eit større spekter og omfang av jakttilbod. Jakttilbod med høg grad av tilrettelegging og fokus på arbeidsplasser og inntening for landbruksnæringen er ønskeleg. Samtidig skal det være eit godt tilbod av "tradisjonell bygdejakt" med lågare grad av tilrettelegging som aktivum for lokalbefolkninga.

7. Elg, hjort, rådyr og biologisk mangfald

Hjorteviltet skal ikkje utgjøre ein trussel mot det biologiske mangfaldet. Beiting frå hjorteviltet skal ikkje fortrenge nøkkelarter frå det biologisk mangfald som til dømes osp, eik og rogn.

8. Naturopplevingar og jegerrekruttering

Hjorteviltjakta skal være eit høgdepunkt for jegerar og lokalsamfunn. Jakta skal ha stor samfunnsaksept og føre lokale jakttradisjonar vidare. Det skal være god spreining i kjønn og alder blant jegerane. Hjorteviltet skal gi friluftsfolket fine naturopplevingar.

9. Innverknad frå rovdyr

For å oppretthalde bestanden av hjortevilt, er det viktig at ein held talet på gaupe nede på eit forsvarleg nivå og at det blir lagt stor vekt på felling av ulv som kjem inn i området